

Møteinnkalling



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Utgard
Dato: 29.10.2019
Tid: 15:00

Medlemmene blir med dette kalla inn til møtet.
Varamedlemmene møter berre etter nærare innkalling.

Den som har lovleg forfall, eller kan vera ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 90112400, e-post: bjarne.eiolf.holo@lom.kommune.no.
Forfall må grunngjevast.

Lom, 23.10.2019

Oddny Skjerpingsstad
Oddny Skjerpingsstad
e.f.

Sakliste

Saksnr	Innhald	Lukket
39/2019	Kommunestyret	

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
38/2019	Kommunestyret	22.10.2019
39/2019	Kommunestyret	29.10.2019

Høyringsuttale – revisjon av forvaltningsplan for rovvilt i region 3

Vedlegg:

- 1 Forvaltningsplan for rovvilt i region 3 Oppland 2019 (utsendt tidlegare)
- 2 Høring – brev frå nemnda (utsendt tidlegare)

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune meiner at det er uheldig at sonegrensene i forvaltningsplanen for rovvilt er foreslått endra, sidan dette ikkje var varsla som ein del av revisjonsarbeidet ved planoppstart. Alternativt bør det varslast ny planoppstart i tråd med endra innhald i revisjonsarbeidet.

Det har vore eit prinsipp i rovviltforvaltninga å ha eit arealmessig stort jerveprioritert område, slik at det blir ein viss byrdefordeling av rovviltbelastninga over tid. Dersom alternativ 2 i høyringsforslaget blir vedteke, kan resterande areal innanfor yngleområde for jerv få ein større belastning. Det er difor viktig at slike endringar blir gjort gjennom ein god og ryddig prosess.

Lom kommune sitt syn er at det vil vere meir tenleg å ta ein gjennomgang av soneringa i samband med ei sannsynleg endring/ ny inndeling av rovviltregionane.

Saksprotokoll i Kommunestyret – 22.10.2019

Behandling

Forslag frå Rolv Enersvold
Saka blir utsett.

Vedtak

Saka blir utsett.
Samrøystes.

Saksutgreiing

Rovviltnemnda i region 3 vedtok 12. mars 2019 å gjennomføre ein revisjon av forvaltningsplanen for rovvilt. Etter rovviltforskrifta § 6 (med kommentarar) "*skal forvaltningsplanen rulleres med jevne mellomrom for å sikre at den er oppdatert i forhold til utviklingen i rovviltbestanden og skadesituasjonen.*" Nemnda sender no forslag til ny forvaltningsplan på høyring med uttalefrist 1. november.

Nemnda har teke sikte på ein forenkla revisjon. I utgangspunktet ønskja nemnda at soneregrensene ikkje skulle vere noko tema i denne revisjonsrunden. Dette gjekk fram av varsel om oppstart av arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen, sendt ut 25.03.2019 år.

Formannskapet behandla varselet om oppstart den 30.04.2019. På bakgrunn av at sonering ikkje var tema for revisjonen hadde formannskapet da ingen merknader, men det vart signalisert i behandlinga at soneregrensene, spesielt for Breheimenområdet, burde vurderast på nytt.

Nemnda skriv i høyringsbrevet at dei ligg noko bak sin opphavelige tidsplan for arbeidet og høyringsfristen blir derfor sett til 01.11.2019, dvs. høyringsfrist på vel 5 veker. Det er årsaka til at saka no blir sendt direkte til behandling i kommunestyret utan formannsbehandlingsbehandling først.

På bakgrunn av innkomne innspel til melding om oppstart, har nemnda likevel valt å sende på høyring to alternativ til ny sonering for jerv. Det eine høyringsalternativet (alternativ 1) er som jervesona har vore sidan 2012. I det andre alternativet (alternativ 2) er heile Fronskommunane i Gudbrandsdalen teke ut av jervesona og i si heilhet fått status som beiteprioritert.



*Figur 11a: Alternativ 1.
Prioritert jervområde i region 3 (Oppland).*



*Figur 11b: Alternativ 2.
Prioritert jervområde i region 3 (Oppland).*

I tillegget til dette er forslaget til forvaltningsplan oppdatert med omsyn til kunnskapsgrunnlaget, der nasjonale føringar er lagt inn i dokumentet. Nemnda har også teke ein gjennomgang av prioriterte verkemiddel og tiltak mellom anna på bakgrunn av dei erfaringane dei har gjort seg sidan planen vart vedteke.

Vurdering

I melding om oppstart vart det varsla at det skulle vere ein forenkla revisjon der sonering og soneregrenser ikkje skulle vere tema. At det no er lagt inn forslag til endring av soneregrenser er derfor ikkje i tråd med oppstartsvarselet. Varsel om planoppstart skal skape føringar og legge rammer for det vidare planarbeidet. Planforslaget som no er fremja er ikkje i tråd med oppstartsvarselet, og forslaget er dermed ikkje ein forenkla revisjon som kan forsvare ein relativt kort prosess med høyringsfrist på 5 veker, spesielt når fristen er sett til tida rett etter kommunevalet.

Ved varsel om planoppstart har det berre kome 7 høyringsinnspel. Det er nærliggjande å tru at dersom det hadde vore varsla at soneringa i planen var ein del av revisjonen, ville det ha kome mange fleire høyringsinnspel. Om sonegrensene skal endrast bør det varslast ny planoppstart, der det går fram at soneringa er ein del av revisjonen. For å sikre at alle kommunar og partar innanfor regionen skal få lik medverknad må alle få same moglegheit til å kome med innspel på endringane i sonegrensene. Reglane om god forvaltningskikk og medverknad må følgjast.

I høyringsbrevet står det at rovviltnemnda ser at man kan få nye inndelinger av rovviltregioner bl.a på grunn av regionreformen jf. høyringsbrev av 7. juni 2019 fra KLD. Det må i den sammenheng gjøres et større stykke arbeid i eventuelle nye rovviltregionar. Med bakgrunn i dette er det administrasjonssjefen sitt syn at det vil vere meir tenleg å ta ein gjennomgang av soneringa i samband med ei eventuell endring/ ny inndeling av rovviltregionane.

Det har vore eit prinsipp i rovviltforvaltninga å ha eit arealmessig stort jerveprioritert område, slik at det blir ein viss byrdefordeling av rovviltbelastninga over tid. Ved å legge opp til alternativ 2, kan resterande areal som ligg innanfor yngleområde for jerv få ein større belastning. Det er difor viktig at endring av soneringsgrenser blir gjort gjennom ein god og ryddig prosess.